

Informasjon om SFO tilbudet

Skuleåret 2022-2023

Opningstider og samdrift

SFO har opningstid frå klokka 06.45 til 16.15 alle skuledagar.

Vi har samdrift med barnehagen kvar dag, morgon og ettermiddag. Elevane på SFO leverast og er i barnehagen om morgonane fram til skulestart. Likeeins er dei i barnehagen på ettermiddagane etter skuleslutt og fram til dei vert henta.



Onsdagar er det heildagstilbod på SFO. Desse dagane er elevane på SFO basen nede i skulebygget frå 09.00 – 14.30. Desse dagane legg vi opp til ulike aktivitetar for SFO barna.

Vi tenkjer også å leggje opp til ein onsdag i månaden der elevane er med og lagar til felles måltid. De vil få meir informasjon om tilbudet ved oppstart.

Personalet elevane møter på SFO

| | Mån | Tys | Ons | Tor | fre |
|---------------------|-----------------------|-------|---------------|--------|--------|
| 06.45-08.00 | Tilsette i barnehagen | | | | |
| 08.00-09.00 | Janita | Berit | Linn | Janita | Janita |
| 09.00-14.30 | | | Linn og Berit | | |
| 14.45/14.30 – 16.00 | Berit | Berit | Berit | Linn | Berit |
| 16.00-16.15 | Tilsette i barnehagen | | | | |

SFO telefonen har følgjande telefonnummer: [97 99 89 75](tel:97998975)

Her kan de sende meldingar om fråvær, eller andre viktige beskjedar.

Merk at denne telefonen ikkje er betjent anna enn i opningstida for SFO.

Sjekk at det ligg rett kontaktinformasjon på dykk i VISMA, slik at vi kan nå dykk om det skulle vere noko.

Klede/ekstraskift

Vi er ute kvar dag uansett ver. Det er difor viktig at elevane har ekstraskift på plassane sine.

Dei treng regnklede, og på vinteren er det viktig med gode, varme klede, gjerne dress. Pass og på at dei har innesko.

Lavik, 12.08.22

Hildegunn Hatlem
rektor og SFO - leiar